

Romarheim Entreprenør AS  
 Trygve Andås  
 Alvervegen 25  
 5911 ALVERSUND

Referanser:  
 Dykkar:  
 Vår: 22/524 - 22/13034

Saksbehandlar:  
 Anne Lise Molvik  
 anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
 15.03.2022

## Uttale vedkomande knuseverk - gbnr 137/469 Alver

Alver kommune viser til dykkar skriv datert 14.02.2022 der de ber om uttale i forhold til drift av knuseverk på eigedomen gbnr 137/815. De ber om at kommunen uttalar seg både i forhold til permanent drift av knuseverk og mellombels drift som ein naturleg del av utvikling av eigedomen. Vi viser også til brev frå Statsforvaltaren i Vestland datert 18.01.2022 som gjeld melding om mellombels knuseverk på eigedomen.


Vi forstår at forholdet gjeld gbnr 137/815, og ikkje Alver vegen 25 som har gbnr 137/469, slik det går fram av oversendinga frå Statsforvaltaren i Vestland.

### Godkjende tiltak på eigedomen

Det er gitt rammeløyve til planering av BN1-3 på gbnr 137/815 i vedtak datert 22.03.2021 og igangsetjingsløyve for heile tiltaket i vedtak datert 19.04.2021. Det er opplyst i massehandteringsplanen som føl soknaden at av eit totalt volum på 144 000 m<sup>3</sup> sprengstein skal 21 000 m<sup>3</sup> nyttast til oppfylling av næringsareala innanfor området. Resterande steinmassar skal nyttast i andre prosjekt der det er behov for tilføring av steinmaterial. Uttak av Stein vert tilpassa behovet for Stein i marknaden.

### Planstatus

Eigedomen gbnr 137/815 ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen Alver næringsområde sør , planid 1263-201601.



### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
 Organisasjonsnummer: 920 290 922

Gbnr 137/815 er i gjeldande plan regulert som næringsbebyggelse (1300). Jf. føresegn 4.1 er BN1, BN2 og BN3 areal for næring. Innanfor føremålet er det tillate med inntil 15% av BRA for salsareal, kontor eller annan service som har direkte tilknyting til produksjons-, handverkseller serviceverksem. Detaljhandel er ikke tillate.

Vidare skal næringsbygg lokaliseras slik at dei gjev støyskjermande effekt mot tilgrensande busetnad. Skjemmande utelager er ikke tillate. Gitt føresegn 1.3 skal støy frå næringsområda tilfredsstille gjeldande retningsliner for tillate utandørs støy, jf. T-1442 "Støy i arealplanlegging". Planomtalen gjer greie for at deler av planområdet har vore utsprengt og at det står igjen ei skjering sentralt i planområdet. Videre seier omtalen at planforslaget legg til rette for vidare uttak av Stein for å etablere næringsområde og det vil bli skjeringar aust i planområdet.

#### Gjeldande kommunedelplan, Knarvik – Alversund med Alverstraumen 2019-2031

I ny KDP for området, som vart vedteke i 2019, ligg detaljreguleringa for Alver næringsområde Sør i føresegnsområde #16 der eldre reguleringsplanar gjeld med suppleringar/endringar av kommuneplanen sine føresegner der reguleringsplanen ikke har eigne føresegner om temaet.

#### Vurdering av tiltak

Reguleringsplan, slik den er utforma i dag, opnar ikke for etablering av permanent knuseverk. Denne typen verksem vert styrt ved eigne arealformål i plankartet, som steinbrot/masseuttak eller råstoffutvinning, gitt tekneregler for reguleringsplan. Steinknuseverk er heller ikke omtala i føresegndene, planomtalen eller ROS-analysen som fortel oss at konsekvensar for omkringliggjande areal ikke er dokumentert. Som følgje av dette vil planframleggget ikke sikra avbøtande tiltak for forhold som ein forbind med denne typen anlegg, som støy og støv.

KDP, pkt. 3.1.4, opnar likevel for at støysituasjonen og eventuelle avbøtande tiltak kan dokumenteras i samband med regulering eller ved søknad om tiltak. Vi vil likevel tilrå at etablering av eit permanent knuseverk gjennom planendring der ein vil fanga opp fleire tilhøve og det kan setjast føresegner som ivaretar omsynet til omkringliggjande areal som opningstider, omfang av masser, støvdempande tiltak mv.

For mellombels etablering av knuseverk viser vi til formulering i planomtalen som seier at planforslaget legg til rette for vidare uttak av Stein for å etablera næringsområde. I føresegndene pkt. 1.5 er dette sikra ved at ein til rammesøknad for tilrettelegging av feltet skal legge fram massehandteringsplan som viser nye skjeringar og fyllingar og disponering av masseoverskot. For handtering av støy i denne fasen viser vi til KDP pkt. 3.1.4.

Reguleringsplanen har ikke særskilte føresegner som gjeld mellombelse tiltak utover det som er nemnt over. Det gjeld òg arealformålet i plankartet som berre styrer den permanente fasen.

Kommunen vurderer at permanent knuseverk ikke er i tråd med gjeldande reguleringsplan. Planen regulerer i liten grad anleggsfasen for etablering av næringsområde. Vi vurderer difor at mellombels knuseverk med planering/opparbeiding av det aktuelle arealet som siktemål ikke er i strid med reguleringsformålet.

#### **Søknadsplikt**

Etablering av permanent steinknuseverk er eit søkerpliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a), jf. pbl § 20-3. Plassering av mellombels bygningar, konstruksjonar og anlegg, t.d. mellombels mobilt knuseverk, er tiltak som er omfatta av pbl § 20-1 bokstav j).

Som utgangspunkt vil derfor denne typen anlegg krevja søknad og løyve. Det er likevel gitt særskilde unntak frå krav om søknadsplikt for mellombelse tiltak på gitte vilkår. Dersom knuseverket skal plassarast inntil 2 månadar er det i pbl § 20-5 tredje ledd gitt unntak frå kravet om søknadsplikt og bruk av ansvarleg føretak. Skal tiltaket plasserast for ein periode frå 2 månadar og inntil 2 år, er tiltaket søknadspliktig, men utan krav om bruk av føretak med ansvarsrett, jf. pbl § 20-4 første legg bodstad c).

Når det gjeld dykker spørsmål om knuseverk vurdert opp mot forskrift om byggesak (SAK10) § 4-2 som gjeld unntak for plassering av særskilt bygning, konstruksjon eller anlegg, gjev bestemmelsen blant anna unntak frå søknadsplikt for plassering av anlegg i direkte tilknyting til bygge- og anleggsarbeidet, og som skal plasserast for ein avgrensa tidsperiode, dvs. så lenge byggetiltaket varar.

Det går fram av rettleiinga til bestemmelsen at anlegg for bearbeiding av massar frå anleggsarbeidet kan vera omfatta av unntaksbestemmelsen. Anlegget må vera knytt direkte til anleggsarbeidet som vert utført. Dersom det vert drive foredling av massar som eiga verksamhet med t.d. vidaresal, vil dette ikkje vera omfatta av unntaket. Det same gjeld vidareforedling av tilkøyrd massar.

### Konklusjon

Det er kommunen si vurdering at etablering av permanent steinknuseverk på eigedomen ikkje er i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Tiltaket vil også krevja søknad og løyve etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 20-3.

Når det gjeld etablering av mellombels knuseverk kan dette vera unntatt søknad og løyve i den grad tiltaket er direkte knytt til anleggsarbeidet på eigedomen og har ein avgrensa tidshorisont. Reguleringsplanen vil ikkje ha bindande verknad for eit mellombels tiltak, men materielle krav gjeld i den grad dei passar, jf. pbl. § 30-5. Tiltaket må likevel ikkje plasserst slik at det hindrar allmenn ferdsel eller friluftsliv, eller på annan måte fører til vesentleg ulempe for omgjevnadane.

Mellombels steinknuseverk der føremålet er foredling av massar for sal vil ikkje vera omfatta av unntaket frå søknadsplikt.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER

### Mottakarar:

Romarheim Entreprenør AS Alvervegen 25 5911 ALVERSUND